



Delegasjonsreglement for dagleg leiar

Generelt

I medhald av § 14 i lov om interkommunale selskap delegerer styret til dagleg leiar å gjere vedtak i einskildsaker eller i typar av saker som ikkje er av prinsipiell tyding, dersom ikkje anna er fastsett i lov eller gjennom vedtak i representantskapet.

Økonomi

Dagleg leiar disponerer budsjettet innanfor ei ramme representantskapet har fastsett.

Dagleg leiar inngår kontrakter om uttak av konsesjonskraft og gjennomfører sal og sikring av kraft innfor fastsett risikostategi.

Dagleg leiar kan nytte midlar frå driftsfond når det er påkravd.

Dagleg leiar sender ut inntektsprognose til deltakarane primo oktober kvart år. Representantskapet får denne prognosen til endeleg handsaming i november/ desember kvart år.

Personalsaker

Dagleg leiar har instruksjonsmynde i høve alle tilsette.

Opprette, gjere om og leggje ned stillingar innfor rammene av gjeldande budsjett og økonomiplan.

Godkjenne instruksar og stillingsomtalar/instruksar, der tilsetjing skjer administrativt.

Tilsetje i ledige stillingar innanfor vedtekne tariffavtaler. Fastsette løn. Omklassere personale.

Avgjere søknader om permisjon i samsvar med permisjonsreglement.

Avgjere om det skal gjevast høve til å ta ekstraarbeid utanom hovudstilling i Konsesjonskraft IKS.

Avslutte eit tilsetjingstilhøve, i dette oppseiing dersom dette er naudsynt.

Ved delegasjon til dagleg leiar skal intensjonane i gjeldande tariffavtale om medavgjerdsrett ivaretakast.